



Arbeidet med hageanlegget framfor Svendsengarden er i innspurten.



Jon-Arve Lillemark driv steinlegging i Vikegata, som vert ferdig innan 10. september.

Området ved Svendsengarden i ny skrud

– Til helga vil hagen og stiane rundt Svendsengarden ferdige. Så tek vi ferie, før vi gjer siste finpussen på Vikegata, som garantert skal vere ferdig 10. september. Å arbeide med Ørsta sentrum har

vore gjevande, og eg håper på fleire oppdrag seinare, seier Jan Erik Sandal.

Denne sommaren har gartnaren frå Barstadvik heile tjue personar i arbeid rundt om på Sunnmøre og i

Nordfjord.

Vikegata og Svendsengarden er største prosjektet, men i tillegg har han arbeidsgrupper på Nordfjordeid, i Ålesund, på Harøya, i Spjelkavik, i Ulsteinvik og i Fosnavåg. Og han reknar på nokre anbud til.

– Det er nok å gjere, ja. Men det skal ikkje hindre oss i å halde tidsfristane her i Ørsta, seier Sandal.

Svendsengarden står fram som eit smykke i Ørsta sentrum etter at Sandal og hans mannskap har gjort sitt. Det mest iaugefallande er den halv-sirkelforma steingarden og den flotte steinplassen nedanfor trappa, som har fått smijarnsrekkverk.

I tillegg har Svendsengarden fått uterestaurant på ein skiferlagd plass, flotte gangstiar til Sjøbrauta og Torggata, og skråninga nedanfor hovudhuset har fått «gammaldagse» hageplantar.

– Der har vi plassert buksbom, spirea, fagerbusk, roser og stauder som var mykje brukt i hagar for hundre år sidan. No står det att berre litt planering og tilsåing, samt oppgrusning av gangvegane, så er vi ferdige med hagen til helga, seier Sandal.

Sandal AS fekk tilslaget på opprusting av Vikegata i fjor, og kontrakta var verd seks millionar kroner.

– Det er det største oppdraget firmaet mitt nokon gong har hatt, seier Sandal, som også har vore med på å ruste opp Grepa-området og området rundt Bakk-Ola-marka.

Han starta firmaet sitt i 1992, og det første store oppdraget han hadde i Ørsta, var torget nede ved sjøen.

– No reknar vi med «tørke» i Ørsta ei tid framover, men når det vert aktuelt å gje Ørsta sentrum ei ansiktslyfting ned mot fjorden, er vi klare igjen, lovar Sandal.

– Har de fått mange kommentarar frå ørstingane i løpet av anleggsperioden?

– Ja, og dei aller, aller fleste er positive. Folk gler seg over at Ørsta no vert penare. Heilt i starten, då det var mykje graving og litt kaotisk, var det nokre som var litt kritiske, seier Sandal.

Svein Nordal

Oddbjørn Lillestøl og Atle Grebstad i arbeid i Vikegata. – I andre bygder er folk misunnelige på ørstingane, opplever Grebstad.



Uterestaurant på skifer utanfor Svendsengarden. Jan Erik Sandal tek fem-minutt.

